



BØMLO KOMMUNE  
Rådhuset Leirdalen 1  
5430 BREMNES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Olav Overvoll, 5557 2315

## Godkjenning av forvaltningsplan for grågås i Bømlo kommune

---

Statsforvaltaren godkjenner forvaltningsplanen for grågås i Bømlo kommune 2024 – 2028. Vi er innstilt på å vedta forskrift om tidleg jakt, men får ikkje ei slik forskrift klar til årets jaktstart.

---

Vi viser til brev frå Bømlo kommune av 02.07.2024, med oversending av kommunal forvaltningsplan for grågås for perioden 2024-2028, og søknad om lokal forskrift om tidleg jaktstart på grågås. Kommunestyret i Bømlo gjorde den 17.06.2024 samrøystes vedtak om tilråding av forvaltningsplan og forskrift.

### Forvaltningsplanen

Jf. nasjonale retningslinjer, skal det faglege innhaldet i lokale forvaltningsplanar for gjess godkjennast av Statsforvaltaren.

Ved ein tidlegare versjon av forvaltningsplan for grågås i Bømlo (2020) sette Statsforvaltaren krav om betre definisjon og kartfesting av friområde for at planen skulle kunne godkjennast. Kart over friområde er inkludert i forvaltningsplanen for 2024 – 2028, men kartet er grovt, og store delar av kommunen er avsett som friområde.

Meininga med friområde er å få gjessene til å nytte eit areal som beite, der dei samtidig får ro. I friområda skal det ikkje vere tillate å drive tidlegjakt, skadefelling eller andre skremmetiltak. Friområda skal fungere som optimale beiteområde for grågås ved hekking og oppfostring av ungar, og dessutan hindre at gjessene startar tidlegare hausttrekk på grunn av tidlegjakt.

Vi erkjenner at etablering av eit nettverk av friområde er krevjande. Det føreset samarbeid mellom grunneigarar, mellom grunneigarar og kommunen, og at nokre grunneigarar er villige til å sette av areal som kan vere attraktive beiteområde for gjess, der gjessene kan få beite i fred. Ein bør vurdere å stimulere til dette gjennom SMIL-ordninga. Ein bør forsøke å etablere friområde spreidd i kommunen, i nærleiken av område som er attraktive for gjessene i dag. Å definere store delar av kommunen som i dag har lite beiteskadar frå gås, som friområde, har lite for seg. Friområda må vere lokale, og relativt nært knytt til område med beiteproblematikk. Vi oppfordrar derfor kommunen til å arbeide vidare med etablering av friområde også i nærleiken av problemområda.



Bortsett frå dette, har vi ikkje sterke faglege merknader til det faglege innhaldet i forvaltingsplanen. Grågåsbestanden er i stadig utvikling, og vi håper at kommunen følgjer opp med regelmessige teljingar av både hekkande og ikkje-hekkande gjess, og av beitande gjess på innmark, for til ei kvar tid å ha eit best mogleg oppdatert grunnlag for forvaltinga.

#### **Lokal forskrift om utvida jakttid**

Kommunen ber òg statsforvaltaren om å vedta forskrift om tidlegare jaktstart for jakt på grågås. Vi er innstilt på å framskande jaktstart i Bømlo med 20 dagar i forhold til ordinær jaktstart, dvs. at jakta kan starte den 21.07., men før vi vedtar ei slik forskrift, sender vi den på høyring til aktuelle organisasjonar. Fristen for uttale for slike høyringar er minst 3 veker, så derfor er det ikkje mogleg å få forskrifta klar til årets jaktstart.

Med helsing

Stein Byrkjeland  
fagdirektør

Olav Overvoll  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*